

Den nye delinga av Midtausten

Forhandlarane lykkast godt med å få til ein fredsavtale som gjer slutt på freden.

KOMMENTAR

ERLING FOLKVORD
erfolk@online.no

Det sa ein krigsrøyd britisk general da fredsforhandlingane etter første verds-krigen nærma seg slutten. Han snakka om Midtausten.

General Archibald Wavell fekk rett. Sigerherrane laga nye statsgrenser. For folka i Midtausten vart det starten på eit hundreår utan fred.

Eg hadde orda til generalen i minnet da eg nyleg var valobservatør i Sør-Kurdistan – den kurdiske delen av Irak: Alternativa var ja eller nei til sjølvstende og lausriving frå Irak. Var dette eit opplegg for fred eller ufred?

Krigane som øydelegg Syria og Irak, går kanskje mot ein slutt. Somme seier dei slåst for religion. Andre krigar for demokrati og menneskerettar. Men konfliktinnhaldet har ikkje endra seg sidan britiske Mark Sykes og franske François Georges-Picot i 1916 underteikna ein hemmeleg oppdelingsavtale. Framleis gjeld det råderett over korn, olje, gass og ikkje minst vatn. Snart er oljebrønnane tomme. Eufrat og Tigris er varige, som energi og som kjelde til liv.

DRAUMEN

Ein vårveld i 2013 møtte eg ein talsmann for terroristorganisasjonen Jabath al-Nusra, ein avleggar av Al Qaida. Han tok i mot oss i ein by i Nord-Syria. Den erfarne juristen forklarte den lange vegen mot ein islamsk stat. Han snakka om mange år.

Andre terroristar tok snart hovudrolla. Daesh (IS) gjekk i 2014 frå siger til siger og feide vekk regjeringsstyrkar i Irak og Syria. Ein skrytevideo viste koreis Daesh reiv ned grensestolpar mellom statane. Dei nulla ut den avskydde Sykes Picot-avtalen.

Men det vart ingen islamsk stat. Daesh leid det første nederlaget i den kurdiske byen Kobanê. Så vart det nederlag etter nederlag. Daesh driv terror i mange statar, men står snart utan eigne landområde i Midtausten.

Stort betre går det ikkje med andre jihadistar i Syria. Med pengar og våpen frå USA, Tyrkia og andre land har dei drepe, brent og jaga familiar frå hus og heim. No er dei på nedtur. Med hjelp frå Tyrkia kan nokre av dei overleve lenger enn Daesh.

INVASJONEN I 2003


Vesle Noreg er med. I 2012 kunn- gjorde den raudgrøne regjeringa at «Norge anser i dagens situa-

sjon Nasjonalkoalisjonen som den legitime representanten for det syriske folket». I dag er det ikkje mange som hugsar denne koalisjonen. I fjor sende så den blå regjeringa offiserar til Jordan og gav dei «lov» til å rykke inn i Syria.

Forsvarets nettside fortel at konflikten i Irak «har røtter tilbake til invasjonen av landet i 2003». Lawrence Wilkerson, som da var stabssjef for den amerikanske regjeringa, sa i fjor at «IS (DAESH) er ein direkte konsekvens av den amerikanske invasjonen i 2003». Enklare sagt: Utan USA-invasjonen hadde folka i Irak og Syria vorte spara for Daesh-terroren.

Politikarar forhandlar om land og naturressursar når generalane tar ein pause. Styrkeforholda i Midtausten er så forandra at ingen kan gjenopprette delinga som England og Frankrike dik- terte. Ny oppdeling blir forhand- lingstema. Og kanskje nye statar?

Tyrkia har militære støvlar på bakken i både Syria og Irak. På heimebane snakkar president Erdogan om den stortyrkiske draumen frå 1920: ei statsgrense sør for Aleppo og Raqqa i Syria og sør for oljebyane Mosul og Kirkuk i Irak. For han er det bra at tyrkisk bombing av kurdiske



Dette kartet frå 2006 viser koreis militæranalytikar og tidlegare oberstløytnant i US Army Ralph Peters, såg for seg eit nyoppdelt Midtausten. Andre har laga andre framtidskart. Det einaste sikre er at krig og politisk drakamp om olje, gass og vatn kjem til å flytte grenser.

amerikanske presidentar lenge mislykkast med det meste i Midtausten. I denne regionen er Russland sterkare og USA svakare enn dei var ved tusenårsskiftet. Assad kan bli ein Putin-klient som stad- festar at Russland no har meir makt i Midtausten.

PYD (Det demokratiske ein- skapspartiet) i Nord-Syria er tyde- legast, og hevdar at ein ny stat er eit blindspor. Partiet, som ideo- logisk er på linje med PKK (Det kurdiske arbeidarpartiet), starta eit opprør mot Assad i 2012. Dei oppretta eit sjølvstyrt område – Rojava – med eit sekulært og tverrkulturelt demokrati. Kvin- nefrigjering er eit hovudpunkt i den nye samfunnsordninga. I 2015 tok dei initiativ til danninga av SDF (Dei demokratiske styr- kane i Syria). Fleirkulturelle SDF slåst mot Daesh og kontrollerer no om lag ein femtepart av Syria.

PYD arbeider for ein fleirkul- turell og demokratisk revolusjon i eit samla, føderalt Syria. Det er noko heilt anna enn å skifte ut Assad. PYD hevdar at folkestyret i Rojava kan bli modell for fleire av folka i Midtausten.

Parti- og klanleiar Mesud Bar- zanî er den sterke mannen i Sør- Kurdistan. Han står for ei motsett

«Om Barzanî lykkast, kan han få til eit lite Kurdistan som er avhengig av Tyrkia.»

landsbyar i Irak og Syria ikkje er mediestoff i Europa. I norsk dags- presse er Klassekampen nokså aleine med omtale av dei tyrkiske styrkane i nabolanda.

SAUDI-ARABIA OG IRAN

Situasjonen er innfløkt. Titals stat- tar deltar direkte eller indirekte i krigane i Syria. Saudi-Arabia har satsa hundretals millionar dol- lar på Daesh og andre jihadistar. Kongefamilien Saud som har sett klientane sine gå frå nederlag til nederlag, samarbeider tett med Tyrkia. Dei vil ha noko igjen for tapte jihadistinvesteringar.

Iran har lenge vore den ster- kaste motvekta mot USA og Israel i Midtausten, men har knapt ført krig utafor eigne grenser. No har Iran store styrkar i både Irak og Syria. Trur du Ayatollah Khome- nei og president Rouhani gir seg utan varige fordelar?

Militært er Russland og Iran på vinnarlaget saman med ein svekt Assad. Til samanlikning har

KURDISK USEMJE

Kurdistan er det fleirkulturelle området der kurdarane er i fleir- tal. Etter første verdskrigen delte sigerherrane Kurdistan mellom fire statar. Kurdiske parti i Tyr- kia, Iran og Syria arbeider ikkje for ein ny stat, men for regionalt sjølvstyre, demokrati og kultu- relle rettar i kvar stat.



Den kurdiske delen av Irak røysta nyleg ja eller nei til sjølvstende og lausriving frå Irak. Foto: Erling Folkvord



Gatene her i Hewler/Erbil er fulle av «ja til sjølvstende»-plakatar. Men den tyrkiske makta over økonomien er ikkje langt unna. Foto: Erling Folkvord